

Årsmelding o-gruppa 2025

Oppsummering

Det har vore eit år med mykje deltaking og fleire nye påfunn som var teke positivt imot, blant anna eit fellesarrangement med Barnas Turlag som tiltrakk mange nye nybyrjarar. Det er kjekt å sjå at så mange har funne vegen inn i skogen – og ut att.

Me har i år prioritert kartarbeid, og har fått oppdatert fleire av områda me brukar ofte.

Generelt står og går o-gruppa stødig takka vera ein trufast og erfaren gjeng.

Styret

Leiar: Ida Johanne Aadland
Kartansvarleg: Bjarne Hauge
Kasserar: Erik Høysæter
Stolpejakt og tur-o: Arild Røen

Det har ikkje vore formelle styremøte i 2025. Saker har vorte løyst over epost, telefon og uformelle møte.

Verv

Ingen frå SIL hadde verv i krets eller forbund i 2025.

Arrangement

Me har i år arrangert åtte lokale løp, pluss Hamla, Kompis og SM.

Dato	Arrangement	Stad	Deltakarar	Arrangør
30.mars	3000-meter	Hagabotnane	7	
9.apr.	O-løp 1	Tohaugen	27	Rune
30.apr.	O-løp 2	Ådland	22	Eivind
14.mai	O-løp 3	Eineråsen	11	Erik
24.mai	Kompisstafetten	Gullbotn	120	Rune
25.mai	Hamla (KM ultra)	Gullbotn	93	Trond
4.juni	O-løp 4	Nordbygda	26	Martin
15.juni	O-løp 5	Totræna	53	Kristian
29.juni	3000 meter	Hagabotnane	7	
Juli	Sommarferieløyper	Sævild	11	Ida Johanne
10.aug.	O-løp 6	Rødne	34	Arild



20.aug.	O-løp 7	Holmane	14	Per Arne
3.sep.	O-løp 8	Hagabotnane	22	Rune
14.sep.	3000 meter	Hagabotnane	3	
28.sep.	Samnangermeisterskap	Kvamskogen	63	Dag Terje

I tillegg til desse hadde Helge og Bjarne ein o-dag i Hagabotnane for skuleklassar med stor deltaking, og Helge laga i haust til fleire treningsløyper i Usynleg-O.

Litt statistikk:

- Heile 96 samningar har vore gjennom ei o-løype i år (2024: 53).
- 24 personar har delteke på tre eller fleire løp (11 nybyrjarar, 5 mellom-løparar og 8 lang-løparar).
- Onsdagsløpa har i snitt 20 løparar. Helgeløpa har i snitt dobbelt så mange løparar: Totræna (53), Rødne (34), Holmane (14) og SM (63), ofte på grunn av mange utanombygdsløparar.
- Samnangermeisterskapet med fellesstart er populært blant både samningar og tilreisande. Det var totalt 64 løparar på start, av dei 15 nybyrjarar.

Nytt av året:

- TurbO-løp i Totræna i samarbeid med Turlaget var ein stor suksess. 53 løparar stilte til start, pluss mange foreldre som hang på slep. Totalt cirka 80 deltakarar. Det var fire løyper, den kortaste ei N-løype på 600 meter. O-gruppa stilte med løyper, brikker og rettleiing, og turlaget delte ut kompass i deltakarpremie, dekkja parkeringsavgift for alle og hadde Turbo-reven innom på besøk.
- Sommarferieløyper: O-løype utan tidtaking som hang ute heile juli.
- 3000-meter testar: Me har hatt tre 3000-meter-testar i Hagabotnane der ein konkurrerte mot seg sjølv. Knut hadde mest framgong med 13 prosent forbetring.

Møte:

- Kartmøte: I byrjinga av mars hadde me eit møte der me laga ein framdriftsplan for kartarbeidet og prioriterte kva område me ville ha synfart. Godt oppmøte og mykje engasjement.
- Arrangørkveld: I slutten av mars hadde me ein arrangørkveld der me gjekk gjennom løypeleteikning, tidtaking og rutinene kring lokale løp. Godt oppmøte.

Resultat

Martin hadde ei knallopning og starta sesongen med å vinne tre løp på rappen i sesongopninga på Værlandet, og følgte opp med gull og bronse på KM sprint. Han har dessverre vore ute med skade resten av sesongen. Samnanger-løparane har elles plukka med seg eit par pallplasseringar i kretsen denne sesongen.

Kretsmeisterskap

Sprint:

- 1. Martin (H15-16)

Sprintstafett:

- 3. Ruben og Martin (H15)

Ultralang:

- 3. Ida Johanne (D19)

Vestlandsmeisterskap

Mellom

- 3. Per Arne (H50)

Samnangermeisterskap

- Herrer lang: Trond Haugen
- Damer lang: Ida Johanne Aadland
- Herrer mellom: Torvald Oma Høysæter
- Damer mellom: Inger Gro Lien

Kretscupar

- Ida Johanne fekk 2. plass i Nattcup og 3. plass i Hordalandscupen og Sprintcup (D19)
- Per Arne fekk 3. plass i Hordalandscupen (H50)

Utanlands-turar

Me har ein liten, men ivrig gjeng som reiser rundt i Europa og representerer SIL på større og mindre løp. Med Rune som koordinator og frilansreporter har me fått mange artige historier og mange spanande kart og løpsanalyser på Facebook-sida vår. I tillegg til Rune er det Dag Terje og Helge som har vore ivrigast på desse turane, og i år har me hatt løparar i Spania, Belgia, Bulgaria, Italia, Danmark og Tyrkia.

Stolpejakt

Stolpejakten har vore eit svært populært tilbod. For tredje år på rad samarbeider me med Historielaget om å plassere ut stolpar nær kulturminne. Dette er eit gratis og tilgjengeleg fritidstilbod. Stolpane stod ute frå mars til midten av oktober. Det har vore fem ulike rundar, tre langs vegen (Tysse, Gjerde/Haga og langs Bygdavegen) og to på sti (Smådalen og Myra-Solsmøghaugen-Tohaugen). Totalt 1110 stolpejagarar (2024: 877) vart registrert i Samnanger - av desse var 213 samningar. Det må leggjast til at øvrige stolpejagarar kom frå stort sett heile Noreg. Totalt vart det registrert 14637 stolpebesøk (2024: ca. 15000)! Me søkte, og fekk kr 12.000.- frå Samnanger kommune sitt Kraft- og heimfallsfond.

Me har ikkje hatt Tur-orientering i år.

Kart

Oppdatering og synfaring av kart har vore prioritert i år. Me ønskjar å få områda nærast fjorden, som er dei me brukar mest, over på det nye georefererte kartet. Oskar har gjort denne delen av synfarings- og kartarbeidet på betalt oppdrag for o-gruppa, 160 timar totalt. I tillegg har Bjarne laga eit sprintkart for Bjørkheim-Nordbygda på dugnad.

Kartplanen som vart avtalt på kartmøtet har blitt følgt og meir til:

- Gullbotn v/hopparena. Oppdatert i samband med Hamla/Kompis.
- Tohaugen-Myra. Synfart.
- Hagabotnane-Åsen. Synfart.
- Kvernesmarka-Flesjane. Synfart.
- Raunekleiva-Raudvatnet. Synfart.

Det vart diskutert å leige inn ein kartteiknar frå Bulgaria for å bidra med den digitale delen av jobben (teikne over frå gammalt til georeferert kart), men dette har ikkje blitt gjennomført.

Utstyr og innkjøp

I april kjøpte me inn 5 nye lånebrikker. O-gruppa sponsa samtidig halve prisen for dei som ville kjøpe nye personlege brikker, med ein totalkostnad på 5200 kroner.

Økonomi

Sjå vedlegg.

Tusen takk til alle for innsatsen i året som har gått - til arrangørar, løypeleggjarar, styremedlemer, tidtakarar, kakebakarar og løparar.

*Ida Johanne Aadland,
Leiar 2025*